

## RAPPORT

SKREDFAREVURDERING LYSA/HEREIDSVEGEN - ÅRDALSTANGEN - ÅRDAL  
KOMMUNE.

## INNLEIING

Etter oppmoding frå Årdal kommune ved reguleringsarkitekt J. Erdal, blei det 22.10.1981 gjort ei synfaring av området mellom Lysa, enden av Hereidsvegen og ned til Hereidselva. Sjå vedlagde kartutsnitt i M= 1:5000. Bakgrunnen for synfaringa er kommunen sitt ønske om å utnytte deler av området til bustadforemål.

## GRUNNLANGSMATERIALE

Som grunnlagsmateriale er nytta tidlegare rapport om skred og stabilitetstilhøve. Dei er:

JØRSTAD, F. og L. BJERRUM, 20.5.54: Rapport over befaring av steinskred truede steder på Årdalstangen, Årdal 27 - 28.04. 1954", NGI

BØRSTAD, J. 21.6 1977: "Rapport over befaring av flom som gikk i Lysa på Årdalstangen uken før jul 1976 (1975?)". Statens Naturskadefond.

BJØRBÆK, E. 25.08.1976. "Ras i Lysa, Årdal. Rapport frå synfaring 19.08.1976." NVE- Forbyggingsavdelinga.

LIED, K. 12.10 - 1977: "Lysa-Årdal, Snøskredsikring." NGU-rapport 77426 -1.

I det aktuelle område på Hereidssida av Årdalstangen, er det elles ikkje gjort geologiske undersøkingar eller kartlegging som kan vera av betydning for vurdering av skredfareproblematikken.

## SKREDHISTORIKK

Skredhistorikken er bygd på tilgjengelege skriftlege og munnlege kjelder. Opplistinga gjer såleis ikkje krav på å vera fullstendig.

1887: Snøskred nesten ned til elva. Skade på gards-  
hus på grunn av lufttrykk (skredvind)

1924: Snøskred aust om elveløpet på toppen av av  
vifta. Det blei ikkje gjort skader på hus.

okt./nov.1953: Steinsprang frå fjellsida noko nordaust for  
Lysa. Losneområdet er i høgd omlag 3-400 m.o.h.  
Blokker på opp til eit par m<sup>3</sup> rulla ned på dyrka  
mark og stansa mot ein haug i det kuperte  
terasseområdet.

1954: Flaumskred langsmed elva ned til Hydrovegen.

des. 1976(75?) : Snø- og vasskred i samband med store nedbør-  
mengder. Skreda skar ut av elveløpet i sydleg  
retning på toppen av vifta. Skredmassene blei  
førd nedover vifta i retning av næraste hus i

Hereidsvegen og stoppa ca. 50 m frå huset. Skogen blei rasert i 50-75 m breidde. Det blei avsett store mengder stein og blokk.

#### SIKRINGSTILTAK.

På bakgrunn av skreda i 1976, blei det etter råd frå NVE-Forbyggingsavdelinga og NGI- skredgruppa, ført opp ein ca. 4 m høg og ca. 100 m lang forbygging/leidevoll som sikring mot framtidig flaum og snøskred.

Etter opplysning frå teknisk sjef A. Hjelle i kommunen har den nye sikringsvollen allereide vore testa i praksis. Snøskred blei effektivt leia forbi det kritiske punkt på toppen av skredvifta.

Snøskreda i Lysa reknar ein med er årlige. Til vanleg kjem dei ned langsmed gjelet for så å felle flatt ned på toppen av vifta. I snørike vintrar kan slike skred gjentakast og skredmaterialet kan bli ført med nedover skredvifta, styrt av sikringsvollen.

Slik sikringsvollen er utforma og dimensjonert, synest han å vere eit effektivt vern for skred ned mot eksisterande busetnad.

#### MOGELEG BUSTADTOMTER

Dei utførde sikringstiltaka mot skred og flaum frå Lysa, gjer grunnlag for ei revurdering av kva for areal i nærleiken som er eigna til bustadføremål.

Sikringsvollen ser ut til å fungere etter intensjonane. Framtidige vasskred vil bli leia noko mot aust av vollen, samstundes som utlaupsdistansen for skreda vil bli noko lenger. Ein må derfor framleis rekne med at skreda vil kunne nå ned til Hydrovegen/Hereidselva.

Utifrå dette vurderer ein områda sør for Hereidsvegen fram til snuplassen å vera rimeleg trygge med oversyn til snøskred. Aktuelt område som kan nyttast er vist på kartet (område 1). Ein vil ikkje rå til at areala ovanfor vegen eller område nærare Lysa blir nytta til bustadføremål.

Denne delen av terrassen bør liggja unytta som buffersone for busetnaden på Hereid.

Areala aust for Lysa er idag ikkje bygd ut. Området er karakterisert som skredfarleg. Området mellom Sløbakken - Hydrovegen og Lysa er likevel nytta til campingplass der det også finnst utleigehytter.

Etter at det er gjort flau- og skred sikringstiltak ved Lysa i toppen av skredvifta, er deler av dette området framleis vurdert å vere flaum- og skredtruga.

Det vil derfor ikkje vere tilrådeleg å nytte område som ligg nærare Lysa enn 60 m til oppføring av permanente bustadeiningar/heilårshytter.

Arealet mellom 60 m grensa og gangbrua over Hereidselva (nr. 2), ligg rimeleg i livd for skred og flaum. Ved eventuelle framtidig skred og flaumaktivitet frå Lysa, vil "Rekehaugen" fungere som skredskiljar.


Dersom det seinare syner seg naudsynt, vil ein på "Rekehaugen" kunne etablere ein sikrings-/føringsvoll.


#### KONKLUSJONAR

Dei to felta, 1 og 2, som vist på katbilaget, vil med omsyn til skred- og flaumfare frå Lysa kunne nyttast til bustad- føremål. For felt 2 er næraste byggegrense til Lysa sett til 60 m.

Områda mellom dei to felta og Lysa må ikkje byggjast ut. Arealet er å sjå på som ei buffersone, for framtidig skred- og flaumaktivitet.

Hermansverk, den 13.07.82

  
Bjørn Falck Russenes  
fylkesgeolog



<b>OVERSYN-</b> <b>SKREPFAREVURDERING - LYSÅ/</b> <b>HÆRED - ÅRDALSTANGEN</b> <b>KOMMUNE: ÅRDAL</b>	MÅLESTOKK	FELT.	22.11
	1:5000	TEGN.	6.7.72
		RAPP.	13.7.72
SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE PLAN OG UTBYGGINGSSJEFEN		BILAG 1 RAPP.NR:	KARTBLAD 27/1